

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/2376-9

Klage på avslag på søknad om gjesteelevgaranti for elevplass ved Melsom vidaregåande skule i Vestfold fylkeskommune - Tiril Sofie Berge Bjørnseth

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet som klagenemnd tek ikkje klagen til følge.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

- Vedlegg til søknad, 01.03.16
- Brev frå styret i Sogn og Fjordane Rytarkrins 06.04.16
- Vedtak om avslag 12.04.16
- Klage med vedlegg (brev frå FK om spissa idrettstilbod, anbefalingsbrev Melsom) 30.04.16
- E-postkorrespondanse med Norges Rytterforbund, 14.03.16-31.03.16
- Underinstansen si handsaming av klagen, 03.05.16

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Søknadsskjema 29.02.16
- E-post frå leiar i Sogn og Fjordane rytarkrets, 06.04.16
- E-postkorrespondanse med Mo og Øyrane vidaregåande skule, 30.03.16-02.04.16
- Oversendingsbrev frå underinstansen, 03.05.16

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag av tidlegare saksgang

Tiril Sofie Berge Bjørnseth søkte i brev dagsett 01.03.16 om gjesteelevgaranti for skuleplass ved Melsom vidaregåande skule i Vestfold for skuleåret 2016/2017, sjå vedlegg 1. Bjørnseth har søkt opptak til «studiespesialisering toppidrett hest». I søknaden om gjesteelevgaranti gjorde føresett gjeldande at Mo og Øyrane vgs. ikkje har det tilbodet Bjørnseth ønskjer, då ho ikkje ønskjer hest som fag, men riding som idrett.

Saman med søknaden sende Bjørnseth inn attest frå Sogn og Fjordane Rytarkrins, jf. vedlegg 2. Rytarkrinsen skriv at Bjørnseth dei siste åra har hatt toppresultat i cupar og KM i Sogn og Fjordane Rytarkrins, og at det ikkje er gode nok tilbod på vidaregåande skulenivå for dei som verkeleg vil satse på toppnivå innan dressurriding.

I vedtak av 12.04.16, vedlegg 3, avslo fylkesdirektør for opplæring søknaden. Ein synte då til § 2 i fylkeskommunen si lokale inntaks- og formidlingsforskrift, og påpeika at fylkeskommunen kan tilby det aktuelle utdanningsprogrammet.

Opplæringsavdelinga henta inn uttale om nivået frå Norges Rytterforbund (NRYF), og konkluderte etter dette med at Bjørnseth sine dokumenterte resultat ikkje syner at ho er i landstoppen innanfor sitt område.

I brev dagsett 30.04.16 klaga føresettt til Bjørnseth på vedtaket. Ho meiner at då fylkesdirektøren baserte avslaget på NRYF sentralt, lar fylkesdirektøren denne uttalen «overstyre» uttalen frå NRYF regionalt, som er basert på kjennskap til både utøvarer spesifikt og til regionale forhold generelt. NRYF sentralt nemner at Bjørnseth berre har deltatt på nokre klassar på nasjonalt nivå. Til dette skriv klagar at det ikkje blir arrangert mange nasjonale stemmer i Sogn og Fjordane og i nabofylka, og at ho difor må reise langt for å finne konkurranse. Vidare skriv klagar at ein også må ta i betraktning at Bjørnseth sin ponni har vore sjuk, men likevel prestert langt over middels nivå, på dei to siste stemna i haust presterte dei mellom 60-64 %. Kravet for kvalifisering for NM i dressur for ponni ligg på 64 %.

Idrettskrinsen har vurdert at Bjørnseth stettar krava for å komme med i ordninga potensiell idrettsutøvar/spissa idrettstilbod, men ho ønskjer ikkje å gå på vanleg idrettslinje, då det «*kun er ridning som er hennes idrett*». Klagar hevdar at brevet frå fylkeskommunen om at Bjørnseth skal reknast som ein potensiell idrettsutøvar, dokumenterer at Bjørnseth høyrer til i landstoppen.

Avslutningsvis peikar klagar på at det er vanskeleg å hevde seg i ein individuell sport som dressur-riding i eit «distriktsfylke». Ein må reise langt for å konkurrere, og det er ein dyr sport. Bjørnseth har evner og motivasjon for «*å bli en av landets beste i sin idrett – men [...] det er essensielt for hennes sportslige utvikling at hun har tilgang på trener på ukentlig nivå og det er ikke mulig i Florø eller Sogn og Fjordane*».

Fylkesdirektøren vurderte klagen frå Bjørnseth som underinstans i brev dagsett 03.05.16. På bakgrunn av den lokale inntaks- og formidlingsforskrifta, og vedtak i sak 19/2015 i FT, gjorde fylkesdirektøren ikkje om vedtaket om avslag.

Fylkesutvalet som klagenemnd er klageinstans, jf. delegeringsreglementet kapittel 3.21, pkt. 4.

2. Lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til lære plass i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fylkeskommunen gir gjesteelevgaranti etter særskilde vilkår i den lokale inntaks- og formidlingsforskrifta, fastsett av fylkestinget 14.10.14. Dersom ein søkjar får gjesteelevgaranti, må søkjaren konkurrere på lik line med andre søkjarar i opplæringsfylka. Dersom vedkomande får plass gjennom slik konkurranse, må fylkeskommunen betale for skuleplassen.

Forskrifta § 2 andre og tredje punkt lyder som følgjer:

«For søkjarar til tilbod fylkeskommunen ikkje tilbyr kan fylkesrådmannen kjøpe skuleplassar eller gje gjesteelevgaranti i andre fylke.

[...]

Fylkesrådmannen kan gje gjesteelevgaranti for søkjarar med ungdomsrett til andre fylkeskommunar etter individuell vurdering, dersom det er tungtvegande grunnar for dette».

FT presiserte omgrepet «*tungtvegande grunnar*» i sak 19/2015, og gjorde følgjande vedtak:

1. Kriterium for tungtvegande grunnar vert å forstå slik:

a. Det må ligge føre dokumenterte medisinske grunnar frå søkjar, og/eller

b. Det må liggje føre dokumenterte sosiale grunnar frå søkjar, og/eller

c. Søkjar må dokumentere at han eller ho har ferdigheiter på eit svært høgt nivå. I kva grad søkjar med dokumentert høge ferdigheiter kan utvikle seg med tilrettelegging i vidaregåande opplæring i vår eigen fylkeskommune, vil bli vektlagd i vurderinga. Det er ein vidare føresetnad at det heller ikkje er landslinje eller landsdekkande tilbod innan området der søkjar kan dokumentere sær høge ferdigheiter.

Det er avgjerande at søkjar kan dokumentere å vere i landstoppen innan sitt område. Dokumentasjon på oppnådde resultat nasjonalt eller internasjonalt vil kunne tene som slik dokumentasjon. Attestar frå nasjonale/internasjonale institusjonar/instruktørar vil også kunne tene som dokumentasjon.

2. Ferdigheiter elles vert ikkje rekna som tungtvegande grunnar ved spørsmål om kjøp av skuleplass/gjesteelevgaranti i andre fylkeskommunar, der vi har eit «Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidretts utøvarar.

3. Vurderingar og konsekvensar

«Tilbod som fylkeskommunen ikkje tilbyr»

Bjørnseth har søkt om gjesteelevgaranti for elevplass på Melsom vgs. – «studiespesialisering toppidrett hest». Etter den lokale inntaksforskrifta § 2 kan fylkeskommunen gi gjesteelevgaranti for søkjarar til tilbod fylkeskommunen ikkje tilbyr. Retten til vidaregåande opplæring knyter seg til utdanningsprogram. Fylkesdirektøren har i si avgjerd peika på at fylkeskommunen kan tilby utdanningsprogrammet Bjørnseth har søkt på, og tilbyr inntak på grunnlag av prestasjonar i idrett (potensiell toppidrettsutøvar) ved vidaregåande skular i Sogn og Fjordane, jf. vedlegg 3 og 6.

«Tungtvegande grunnar»

Spørsmålet etter inntaksforskrifta § 2 er dermed om fylkeskommunen likevel bør gi Bjørnseth gjesteelevgaranti ved Melsom vgs., fordi det ligg føre «tungtvegande grunnar» for dette, jf. forskrifta § 2.

Søkjar har ikkje vist til medisinske eller sosiale grunnar som grunnlag for søknaden. Fylkesrådmannen legg difor til grunn at det ikkje ligg føre slike tungtvegande grunnar.

«Ferdigheiter på svært høgt nivå»

Problemstillinga blir då om søkjar har dokumentert at ho har «ferdigheiter på eit svært høgt nivå», jf. FT sitt vedtak i sak 19/2015, pkt. 1 c. FT presiserte i vedtaket at «[d]et er avgjerande at søkjar kan dokumentere å vere i landstoppen innan sitt område». Oppnådde resultat nasjonalt eller internasjonalt vil kunne tene som slik dokumentasjon. Attestar frå nasjonale/internasjonale institusjonar/instruktørar vil også kunne tene som dokumentasjon.

Opplæringsavdelinga har undersøkt mogleighetene for at Bjørnseth kan få trene og utvikle seg med tilrettelegging i vidaregåande opplæring i vår eigen fylkeskommune. Både rektor ved Mo og Øyrane vgs. og Sogn og Fjordane Rytarkrins ser ut til å vere av den oppfatning at dette dessverre ikkje er mogleg. Avgjerande for vurderinga etter forskrifta § 2 er uansett om Bjørnseth kan dokumentere at ho har ferdigheiter på svært høgt nivå, og at ho er i landstoppen innanfor sitt område.

Då fylkesdirektøren sjølv ikkje har kompetanse til å vurdere prestasjonsnivået, vart det henta inn uttale frå Norges Rytterforbund, Oslo. NRYF gjekk gjennom Bjørnseth sine resultat for 2015 og 2016, og skreiv følgjande om nivået:

Startet lette klasser i sprang og dressur med hest. Noen klasser i MC/MB med ponni på L- og E-stevner. Som er et nivå opp, men med resultater som ikke er forenlig med «landstoppen».

Fylkesdirektøren gjorde følgjande vurdering av nivået i vedtaket av 12.04.16:

NRYF er eit særforbund under Norges idrettsforbund (NIF). Fylkesdirektøren såg det difor aturleg å hente inn dokumentasjon frå NRYF for å bekrefte/avkrefte om søkjaren er i landstoppen innan sin idrett. Innsendt dokumentasjon frå Sogn og Fjordane Rytarkrins har også blitt vurdert for å få eit samla bilete av søkjaren. Fylkesdirektøren meiner at Bjørnseth ikkje kan dokumentere ferdigheiter på eit svært høgt nivå.

Fylkesrådmannen sluttar seg til NRYF og fylkesdirektøren sine vurderingar av nivået.

Klagar har gjort gjeldande at det blir arrangert få nasjonale stemmer i fylket, at Bjørnseth må reise langt for å finne konkurranse, og at ho har prestert jamvel om ponnien har vore sjuk. Fylkesrådmannen vil understreke at for vurderinga av om fylkeskommunen skal gi gjesteelevgaranti, er det avgjerande at søkjar kan dokumentere at ho er i landstoppen innan sitt område. Klagar hevdar vidare at NRYF sentralt ikkje har sett på dei regionale forholda, og at uttalen ikkje er basert på kjennskap til utøveren, slik uttalen til Sogn og Fjordane Rytarkrins er.

Av attesten frå Sogn og Fjordane Rytterskrets går det fram at Bjørnseth dei siste åra har hatt toppresultat i cupar og KM, og at kretsen meiner at det ikkje er gode nok tilbod på vidaregåande skulenivå for dei som verkeleg vil satse på toppnivå innan dressurriding. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at attesten syner at Bjørnseth er i landstoppen innanfor sitt område. Bjørnseth har såleis ikkje dokumentert at ho har ferdigheiter på svært høgt nivå.

Potensiell toppidrettsutøvar

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tilbod for potensielle toppidrettsutøvarar. Det er Sogn og Fjordane Idrettskrets som vurderer og gjer formelt vedtak om kven som kan definerast som potensielle toppidrettsutøvarar. Idrettskretsen har kome til at Bjørnseth stettar krava for å kome med i ordninga potensiell idrettsutøvar/spissa idrettstilbod. Klagar syner til dette vedtaket som eit argument for at Bjørnseth høyrer til i landstoppen. Til dette svarar fylkesdirektøren følgjande i svaret på klagen:

Fylkesdirektøren ønskjer å trekke fram at ordninga for potensielle toppidrettsutøvarar skil seg frå å få gjesteelevgaranti etter kriterium 1c for tungtvegande grunner (jf. sak 19/2015 fylkestinget), ved at kravet til ferdigheiter er ulikt. Dette vil seie at sjølv om Bjørnseth stettar krava for ordninga potensiell toppidrettsutøvar betyr det ikkje at ho har ferdigheiter på eit svært høgt nivå sett i samanheng med gjesteelevgaranti.

Fylkesrådmannen er samd i fylkesdirektøren si vurdering av at sjølv om idrettskretsen har gjort vedtak om at Bjørnseth kan reknast som potensiell toppidrettsutøvar, så betyr ikkje dette at ho har ferdigheiter på svært høgt nivå sett i samanheng med vurderinga om gjesteelevgaranti.

4. Økonomiske konsekvensar ved gjesteelevgaranti

Dersom fylkesutvalet gir Bjørnseth gjesteelevgaranti, og ho kjem inn på «studiespesialisering toppidrett hest» ved Melsom vgs., må fylkeskommunen betale for skuleplassen etter satsar fastsett av KS. For kalenderåret 2016 vil ein gjesteelevplass på studiespesialisering medføre ein kostand for fylkeskommunen på 105 700 kroner for eit skuleår, jf. KS sitt skriv av 30.03.16 om gjesteelevsatsar.

<http://www.ks.no/globalassets/vedlegg-til-hvert-fagomrader/utdanning-og-oppvekst/skole/gjesteelevssatser/satser-for-gjesteelever-i-videregaende-opplaring-for-kalenderaret-2016.pdf>

5. Konklusjon

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at klagar har dokumentert at ho har ferdigheiter på eit svært høgt nivå, og er i landstoppen innanfor sitt område. Fylkesrådmannen tilrår difor at fylkesutvalet som klagenemnd ikkje tek klagen til følgje.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑